



**RADØY KOMMUNE**  
**Austebrygd skule og barnehage,**  
Slettevegen 870-872, 5939 Sletta  
Tlf: 56349145  
e-post: [austebrygd.skule@radoy.kommune.no](mailto:austebrygd.skule@radoy.kommune.no)

## Info til heimane i barnehagen og på skulen – mai 2018

### **Ny rektor/styrar på Austebrygd er tilsett**

*Vigdis Villanger*, noverande inspektør på Austebrygd skule og barnehage, har takka ja til å overta rektor- og styrarjobben på Austebrygd. Me er veldig glade for at akkurat ho vert den nye leiaren for skulen og barnehagen! Ønskjer henne lykke til!

Inspektørstillingen vert ledig når Vigdis overtar som rektor 01.08.18. Denne stillingen er no utlyst, med søknadsfrist 3.juni. Håpar at tilsetjinga av ny inspektør vert klar før skulen sin sommarferie.

### **Utbygginga av småbarnsavdeling på Austebrygd - til drøfting i formannskapet**

Nye krav til universell utforming, har dessverre gitt utfordringar i arbeidet rundt den planlagde småbarnsavdelinga ved Austebrygd barnehage. Den 6.april var det på Austebrygd eit møte mellom Norconsult, kommunalsjefen og barnehagen/skulen om utbygginga. Me har etter det venta på å få vidare avklaringar i saka, m.a. ut frå innspel/tankar som var drøfta på dette møtet.

Men pga av krava til universell utforming, har framdrifta dessverre ikke gått slik me håpa på.

Rådmannen har no sendt saka til drøfting i formannskapet, som skal ha møte den 7.juni.

Han skriv m.a. dette på slutten av saksutgreiinga si til formannskapet

*"Universell utforming*

*I 2025 skal i tillegg alle offentlege bygg vera universelt utforma, slik at det er krav om heis og ramper på skulebygget. For Austebrygd skule og barnehage vil det krevja omfattande ombyggingar som bør sjåast i samband med utbygginga av småbarnsavdelinga.*

*Rådmannen vurderer at denne saka er større enn bygging av småbarnsavdeling på Austebrygd skule.*

*Basert på Norconsult sine vurderingar av bygg, tilkomst og framtidige krav, krev dette prosjektet betydelege investeringar. Norconsult vil ikkje gje priskalkyle, då ein ikkje ser ei god løysing på tilkomsten til skulen og barnehagen."*

Sakspapira til formannskapet er no lagt ut på Radøy kommune sine heimesider (under Politikk). Alle heimane får ein kopi som vedlegg til dette informasjonsbrevet.

Skulen vil senda ut meir informasjon til heimane så snart det er klart kva som kjem fram etter at formannskapet har hatt saka oppe til drøfting.

### **Tusen takk for flott dugnadsinnsats!**

Me vil takka FAU- medlemmene og dei andre foreldra som i helga malte heile hytta/gapahuken på Håkle. Dei var ikkje mange, men gjorde ein desto større innsats med å få tatt eitt malingstrøk på det aller meste av gapahuken. No er malinga til strøk nummer to på plass på Håkle, så det meste ligg godt til rette om det er andre som har anledning til å ta ein dugnads-ettermiddag. Meir informasjon kan de få hos skulen sin FAU-leiar, Jannike Steindal Nordanger.

Austebrygd skule og barnehage, 31.05.18

*Torunn Tolleshaug Hovden*  
Torunn Tolleshaug Hovden  
rektor/styrar